

INNKALLING TIL ÅRSMØTE NASJONALT NETTVERK FOR SAMFUNNSFAGA I LÆRARUTDANNINGANE 2023

30. november 2023, kl. 14:30-15:30.

Høgskulen på Vestlandet - Campus Bergen.

Dagsorden:

Sak1/2023: Velkommen og val av møteiarar

Forslag til vedtak: Ingunn Vines Kvamme og Rolf Inge Larsen veljast som møteiarar

Sak 2/2023: Val av protokollfører

Forslag til vedtak: Rolf Inge Larsen veljast som protokollfører

Sak 3/2023 Val av to personar til å underskriva protokollen

Forslag til vedtak: Ketil Fred Hansen og Peter Nicolai Aashamar veljast til å underskriva protokollen.

Sak 4/2023 Godkjenning av årsmøteinnkallinga

Forslag til vedtak: Møteinnkallinga vert godkjent.

Sak 5/2023 Godkjenning av styret si beretning/årsmelding (Vedlegg 1)

Forslag til vedtak: Årsmøtet tek styret si årsmelding til orientering.

Sak 6/2023 Styret sitt forslag til arbeidsprogram for 2024 (Vedlegg 1)

Forslag til vedtak: Årsmøtet tek styret sitt forslag til arbeidsprogram til orientering.

Sak 7/2023 Val av konferansearrangør for 2025

Sak 8/2023 Val av nye styremedlemmer

Sak 9/2022 Eventuelt

Nasjonalt nettverk for samfunnsfaga i

lærerutdanningane:

Årsberetning 2023 og arbeidsplan for 2024

Årsberetning 2023

Styremedlemmar i nettverket 2023

Styret har bestått av:

Region Nord: Rolf Inge Larsen (nestleiar) og Helge Christian Pedersen (vara)

Region Midt: Martin Øystese og Martin Veier Olsen (vara)

Region Vest: Irene Tollefsen og Thor Erik Sortland (vara)

Region Sør: Tord Austdal og Ingunn Vines Kvamme (leiar)

Region Aust: Thor Christian Bjørnstad og Nora Elise Hesby Mathé (vara)

Tal på medlemmar

Styret har rydda i medlemslistene. På bakgrunn av dette, er det p.t. 272 medlemmer i nettverket.

Styremøte i løpet av 2023

Det har blitt halde åtte styremøte via zoom, sidan desember 2022.

Dato for styremøta: 20. desember, 11. januar, 16.februar, 23.mars, 25.mai, 5.september, 29.september, 26.oktober.

Styret sitt arbeid i løpet av 2023

Me viser til arbeidsplan for 2023:

«Følgende områder er blinket ut som prioriterte oppgaver for 2023 for det nasjonale nettverket:

- Holde kontakt med tidsskriftredaksjonen om en kanal for debatt og fagfellevurderte artikler.
- Etablere kanal for innmelding av nye mastergrader og doktoravhandlinger på fagfeltet. Dette har vært og bør fremdeles være en prioritert målsetning, for om nettverket og nettsiden blir en ressurs som gir oversikt over hva som rører seg blant fagfellene våre, fyller vi en viktig rolle.
- Sørge for at oppdatering og omtale av ny forskning legges ut på hjemmeside. Dette hørenaturlig sammen med forrige målsetning.
- Øke aktiviteten på sosiale medier.

- Legge ut lenker til aktuelle forskningsprosjekter/andre nettsteder og utviklehjemmesiden videre som ressurs for lærerutdanningen.

- Øke antall medlemmer.» (Frå årsberetning og arbeidsplan for 2023).

Styret sitt arbeid har vore konsentrert rundt planlegging og utforming av nyhende-brev og oppfølging av samfunnsfagskonferansen. Det har vorte publisert tre nyhende-brev i løpet av styreperioden. Når det gjelder arbeidsplanen for 2023: Ifølgje planen, skulle styret halda kontakt med tidsskriftredaksjonen. Styret har vore i kontakt med Håvard Friis Nilsen i gruppa som skulle arbeida med å etablere eit tidsskrift. Nilsen har formidla at arbeidet med tidsskriftet førebels er på lagt på is, grunna ei rekke andre oppgåver i gruppa. Når det gjeld arbeidsplanens målsetning om «Etablere kanal for innmelding av nye mastergrader og doktoravhandlingar på fagfeltet», ser styret nyhende-brevet som til dels som ein kanal for dette. Det vil seia at ein kan omtala doktoravhandlingar, men at det ikkje vil vera kapasitet til å ha oversikt over masteroppgåver. Dette heng saman med at dei samla ressursane til knytt til styret, tilseier at ein ikkje har kapasitet til å utvikle heimesida til nettverket i vesentleg grad. Styret vil derfor konsentrere seg om å halde nettsida oppdatert når det gjeld samfunnsfagskonferansen, nyhende brev, styremedlemmer og vedtekter.

Når det gjeld aktivitet på sosiale media vil styret oppmoda medlemmane i nettverket til å nytta facebook-sida til å informera om til dømes publikasjonar, konferansar, disputasar og anna fagleg relevant. Heimesida til nettverket profilerer no facebook-gruppa tydelegare.

Styret har som nemnt gått gjennom talet på medlemmer, og dette ser ut til å vera stabilt. Styret ser samfunnsfagskonferansen som den viktigaste arenaen for å auka medlemstalet, og vil difor bruka denne til å oppmoda fleire til melde seg inn i nettverket.

På årsmøtet 2023, var denne saka behandla og vedteke (jf. Årsprotokoll for 2022):

«Nettverket har enkelte løpende utgifter knyttet til drift av nettside. Det nye styret bør utrede mulige løsninger for inndekking av disse utgiftene. Forslag om kontingent på institusjonsnivå.

Vedtak: Styret undersøker ulike finansieringsmodeller».

Styret har løyst saka ved at styremedlemmene deler på utgiftene til drift av nettsida. Kostnaden var på kr 450 for 2023.

Arbeidsplan for 2024

Styret ønskjer at ein i 2024 å held fram med dei same hovudoppgåvene som har vore gjeldande for 2023. Det vil seia å bidra til å sikra at nettverkskonferansen vert gjennomført. Styret bidreg særleg gjennom kontakt med konferansekomiteen, gjennom informasjon via nyhende brevet og ved å bidra til at det er planlagt konferansearrangørar for dei to neste åra. Dessutan omhandlar arbeidsoppgåvene å sørgja for at nyhende brevet kjem ut jamleg og at nettsida blir oppdatert. Å både oppretthalda og auka talet på medlemmer er eit kontinuerleg siktemål, som det må arbeidast med via nyhende brevet, nettverkskonferansen og sosiale media (pt. Facebook). Styret sitt arbeid, krev jamlege styremøte.

Styret ser eit behov for revidering av deler av vedtektene for nettverket og vil gå i gang med dette arbeidet i løpet av 2024. Målet er å revidera nye vedtekter som kan behandlast som eit forslag til årsmøte i 2024.